

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV OKTOBER 2005.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset

Visepres.: Hans Gisle Holstad

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Ingar Bigset

Styremedlem: Aage Nyttun

Styremedlem: Johan Ole Brandal

Leiar ungdoms

utveksling: John Stennes

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Vigdis Riise

Fødselsdager i oktober:

Sigbjørn Haddal 03.10

Karl Johan Brandal 16.10

Trygve Riise 31.10

100% frammøte okt. 2005:

Johs. Hareide Arne Lillebø

Aage Nyttun Arve Røyset

Sanyjanjan John Stennes

Trygve Riise Vigdis Riise

Elias Sellevoll

Frammøteprosent: 72,3

Haustplog

**Stilt under haustvid himmel.
Skogen har stengt
alle lyse portar.
Fuglane er flogne,
bølge og vind gått til ro.**

**Fjellet står alt
med kvitnande panne
så ingen skal gløyme
kor langt det lid.**

**Men her, på åkeren, bryt tunge
svarte skavlar av mold
for plogen, i bleik oktober.**

**Vidt ikring
kviler som gløymde
alle dei avsnøyde marker.
Gitt er alt som vart kravt,
skjedd alt som skulle skje.
Einast til jord som er åker
kjem hausten med plog.**

Halldis Moren Vesaas

Månadsbrev Hareid Rotaryklubb – oktober 2005.

Referent Vigdis Riise

Møte 3. oktober

President Arve Røyset leia møtet og ga ordet til Johs, J. Hareide som orienterte litt om framdrifta på Rotarystien. Onsdag 28.09. møtte det 4-5 personar til dugnad, og berre 25% av stien er no rydda. Vi treng m.a.o. fleire dugnader framover hausten og møtet avgjorde at styret saman med programkomiteen får fullmakt til å setje opp framdriftsplan for dugnadane framover hausten.

Hovudprogramposten denne kvelden var eit attersyn frå Sri Lanka der Sanyanjan hadde vore i sommar. Han kalla foredraget sitt for ”Tur-retur Batticaloa etter tsunamien i desember/jula 2004.”

Han kunne fortelje om sterke opplevingar, noko som også hadde utløyst sterke følelsar. ”Trur ikkje at 26.12 vil bli den same etter dette”, for verkelegheita som han såg der nede var verre enn han trudde frå før. Mange av skulane vart rivne bort, og tamilane har et spesielt og nært forhold til sin skule og sine lærarar. ”Skolen er som din mor, du kan ikke glemme henne eller la henne lide”.

Sri Lanka var før tsunamien på veg opp mot normalen etter krigen og såg framover mot ei tid med fred og framgang- noko som no mange stader no er sett tilbake.

Dei fleste tamilane som bur på Hareid kjem frå den nordlege delen av Sri Lanka der tsunamien øydela store deler av kysten.

Vi fekk sjå foto og film som viste store øydeleggingar og som var ein gripande dokumentasjon over kva som hadde hendt. Sanyanjan fortalde at det ligg i kulturen til tamilane at ein skal hjelpe kvarandre, men dette vart vanskeleg sidan alle var råka og det var ingen som kunne trøyste

Han fortalde at på Sri Lanka døydde ca. 30.000 personar som ei følgje av flodbølgja og 150 skular vart øydelagde. Ingen fekk ei verdig gravferd sidan dei vart gravlagde i massegraver utan at lika vart identifiserte.

Oppattbygginga av vegar og bygningar er no i gang, men dei manglar stein og materialer - og folk bur mange stader framleis i telt.

Norsk Flyktninghjelp bygg no oppatt 30 skular og sosialsenter, det same gjer SOS barnebyar. Rotary Danmark stiller med såkalla ”startpakkar” til dei mest råka familiane og har også 3 skular under bygging.

Foredraget til Sanyanjan var lagt og interessant og han avslutta med at:

”Håpet kan vi gi vidare til neste generasjon”.

Møte 10. oktober .

Denne dagen var avsett til ”Krabbe og rekekveld” i Brandal .

Arne og Renate Lillebø baud inn til eit fint og koseleg pynta lokale som lokalt vert kalla ”Røykeriet”.

Elias Sellevoll ønskte velkomne til fest med god krabbe og reker – men utan majones !

- og Arne Lillebø fortalde at ”Røykeriet”/ buda var bygd ca. 1910 og at der var drive med røykeri fram til ca. 1950. Frå 1960 og fram til 1970 dreiv far til Arne – Albert Lillebø med plastproduksjon før Librafabrikken vart oppsett på Hareid og produksjonane flytt dit.

Møte/dugnad 17. oktober.

Det møtte 17 medlemmer til dugnad på Rotarystien ved Hareidselva, og mykje skog og kratt vart rydda med både motorsag og handemakt !

Møte 24. oktober

President Arve ønskte vel møtt til nytt møte der han presenterte kveldens gjest og foredragshaldar : Arnvid Brandal frå Skodje.

Før han fekk ordet orienterte John Ole Brandal om eit møte vedr. Rotary Foundation som vart halde på Sjøholt den 22. okt. der han og John Stennes hadde teke del. Dei hadde der lansert ideen om å støtte prosjekt på Sri Lanka etter tsunamien sidan fleire av klubbane var utan prosjektarbeid . Kanskje kan Sanyanjan vere kontaktperson ?

Arnvid Brandal fekk så ordet og fortalde at han var son til Astrid f. Bjerkvik og Adolf Brandal og hadde vakse opp i Brandal til han var 10 år. No var han tilsett ved Rolls Royce og hadde ein spesiell hobby og var genuint interessert i cruisebåtar. Spesielt var han interessert i Queen Mary 2 som han hadde samla foto og fakta om på ein cd som han selde til inntekt for misjonen og fattige born som lever av søppel .

”Queen Mary 2” høyrer til Cunard rederiet i Southamton som er eit leiande reiarlag innan linje –og cruise fart . Skipet er 345 m. langt, 40 m. breitt, har 1254 tilsette om bord, kan ha 2640 passasjerar og er ”The greatest Ocean Liner”. Pris: 7.800 mill kr.

Det er eit spesielt skip som er bygt for å kunne gå i rute over Nord-Atlanteren i tøffe forhold og har det sterkaste skipsskrog som nokon gong er bygt,- og med eit av maskinroma bak brua på øvste dekk!

Interiøret er i klassisk stil , ein stil som nesten er aristokratisk med fantastisk flotte ”gater” og utsmykkingar .Ballsalen ”Quins room ” er på heile 1600m² (40x40) !

Arnvid Brandal fortalde og viste mange flotte foto av båten både frå interiør og eksteriør. Han sa at det for han var ei nesten ekstatiske oppleving då båten kom til Sunnmøre og Geiranger og han fekk kome om bord i Ålesund.

President Arve takka Arnvid Brandal for eit interessant foredrag og overrekte boka ”Lausledningar” som Arne Holstad har skrive.

Møte 31. oktober

Siste møte i kvar mnd. er programfritt , men Elias Sellevoll orienterte om førebuingane til ”Røyrafesten” som skal haldast på Holesanden 21. november.

Det manglar no ca. 50 røyr, og notlaget bør gjere seg klare til siste innsats.

Elles vert Bigset Blandekor gjester, og distriktsguvernøren i Rotary kjem på besøk.

Elles orientert president Arve om at høgtalaranlegget mellom kyrkja og vinterhagen på Hadartun no er på plass. Det er også montert høgtalarar til 2 stover på skjerma avdeling og kjøpt inn mikrofon til kapellet . Flott innsats av Arve med innsamla midlar frå Rotary Foundation, Sparebanken Møre, Saniteten, Franzefoss og Hareid Elektriske !

Det vart også innkalla til dugnad f.k. laurdag kl. 14.00 på Rotarystien !



Litt av det ein kunne by på.



Frå venstre:
Håkon, John Jarle, Håvard og Jan.



Glede og konsentrasjon:
Frå høgre: Ingar, Aage, John og Oddvar



Frå høgre: Ågot, Vigdis Jan og Håvard.